

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Petersenhytta, Gjengedal
Dato: 16.09.2019
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leiar	Naustdal kommune
Oddmund Klakegg	Nestleiar	Jølster kommune
Iris Loftheim	Medlem	Førde kommune
Leidulf Rygg Bogstad	Medlem	Gloppen kommune
Gunhild Berge Stang	Medlem	Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/19	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 3/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker til styremøte 3-2019		2019/4183
RS 4/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Status på tiltak september 2019		2019/2581
ST 15/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - SNO- ressurs på forvaltningsknutepunkt Sandane		2019/2581
ST 16/19	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Plan for hyttefelt ved Arnestadstøylen		2019/14212
ST 17/19	Eventuelt		

ST 13/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.09.2019

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak ST 13/19

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 14/19 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.09.2019

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Vedtak ST 14/19

Protokoll frå styremøte 2/2019 vart godkjent og signert

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/19	16.09.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker til styremøte 3-2019

- **Gjetarhyttesaka**

Sivilombodsmannen bad Miljødirektoratet om å vurdere saka om oppføring av gjetarhytte i Risbotnen på nytt. Direktoratet hadde synfaring i området i juni saman med grunneigar, beitebrukarar, villreinutvalet og verneområdeforvaltar.

Miljødirektoratet har deretter fatta nytt vedtak i saka og gjeve løyve til å sette opp gjetarhytta.

Vedtaket frå Miljødirektoratet er om lag i tråd med verneområdestyret sitt opphævelege vedtak, men med litt andre vilkår. Miljødirektoratet har og stadfesta plasseringa av hytta.

- **Steinar Hetle; kle opp hytte og helikoptertransport**

Steinar Hetle har fått løyve til å kle opp att hytta si på Osmundnesfjellet, og dessutan å transportere opp material med helikopter. Tiltaket er gjennomført og rapportert, og resultatet vart veldig bra. Løyva vart gjeve med delegert mynde.

- **NVE; reflektorar og helikoptertransport**

Norges vassdrags- og energidirektorat har fått løyve til å fly opp Osmundnesfjellet med helikopter og å montere reflektorar der. Reflektorane skal brukast til å overvake rørsler i det ustabile fjellet der. Løyva vart gjeve med delegert mynde, etter å ha konferert med styret.

- **Edvin Hugvik; drone**

Edvin Hugvik frå Arnestad grunneigarlag fekk løyve til å bruke drone for å dokumentere skjøtselsarbeidet dei har gjort på Arnestadstøylen og andre kvalitetar der. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

- **Nordfjord FHS; teltleir**

Nordfjord Folkehøgskule fekk løyve til å ha teltleir ved Storevatnet i Gjengedalen i samband med fellestur i oppstarten av skuleåret i august. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

- **Naturskade etter ekstremvêret 30 juli.**

Lokalt store nedbørmengder 30 juli gjorde mykje skade mellom anna på Jølster og i Hyen. Nedbørsområdet gjekk rett gjennom Naustdal-Gjengedal og sette tydelege spor etter seg der. Vi veit at det har gått mange ras og at fleire bruer er skada. SNO og forvaltar har og vore på synfaring i Langedalen og sett på elva ved Fitjestøylen. Den har endra litt løp og det er fare for at den over tid kan true bygningane på sjølve støylen. Forvaltninga er i kontakt med grunneigarane, og dei er igjen i kontakt med kommunen, NVE og naturskadefondet.

- **Kristian Mardal; Båt med motor på Langedalsvatnet**

Kristian Mardal fekk løyve til å frakte material med motorbåt på Langedalsvatnet inn til Fitjestøylen i samband med reparaasjon av bruer etter ekstremvêr i slutten av juli. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

- a) **Rakel Rygg Wilke; båt med motor på Traudalsvatnet**

Rakel Rygg wilke fekk løyve til å bruke motorbåt på Traudalsvatnet til å frakte material til byggearbeid på støylshus. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

- **Gimmestad/Moen sameige; vedlikehald på fellesnaust**

Gimmestad/Moen sameige fekk løyve til å køyre med minigravar inn til fellesnaustet sitt for å gjere vedlikehaldsarbeid på dreningar rundt bygget. Køyringa vil skje på eksisterande traktorveg. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Vedtak RS 3/19

Verneområdestyret tok orienteringssakene til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/19	16.09.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Status på tiltak september 2019

I tildelinga av tiltaksmidlar for 2019 fekk Naustdal-Gjengedal verneområdestyre 560.000 til fordeling på fire «godkjente» tiltak:

- Trappene i Geitabykset
- Klopplegging langs Storevatnet
- Informasjonsskilt
- Villmarksleiren i Byrkjeneset

Her kjem ein kort statusrapport for korleis det ligg an med desse tiltaka.

1. Trappene i Geitabykset.

Trapper, nye trinn og utstyr er flydd opp med helikopter. Bygdeservice er godt i gang med montering, og monterte dei første to av i ale ti lengder i slutten av august.

(Skal prøve å få tak i oppdaterte bilete til møtet).

Bygdeservice har ein god plan for korleis trappene skal monterast.

2. Klopplegging langs Storevatnet.

Bygdeservice la eit nytt strekke med kloppar tidlegare i sommar. No er det veldig fint å gå over endå eitt nytt vått parti. Om lag 2 km av stien frå Gjengedalsstøylen til Byrkjeneset er no utbetra, og det står om lag 1 km att.

3. Informasjonsskilt.

Det har vore jobba jamt med dette tiltaket gjennom våren og sommaren. Først hadde vi anbodskonkurranse for å velje leverandør av skilta. Valet fall på Stryvo i Stryn.

Deretter har vi i tur og orden fått på plass kart, tekst, oversetting og grafikk.

No er alt sendt over til Stryvo og vi ventar på at sjølve skilta skal verte produsert. Deretter vert det montering i Sandane Sentrum og på Jølster ved E39. Vi har ikkje verken tatt stilling til eller klarert endeleg plassering langs E39 med Vegvesenet enno. Styret kan gjerne ta ein kort diskusjon kring det.

4. Villmarksleiren i Byrkjeneset.

Forvaltar har vore i kontakt med drivar av villmarksleiren i Byrkjeneset. Eg ventar på tilbakemelding frå drivar og grunneigar. Det som er aktuelt å gjere er mindre tiltak for å legge til rette for ålmenta sin bruk av leiren og fasilitetane der. Drivar har ikkje planar om vidare kommersiell drift av leiren.

Vedtak RS 4/19

Verneområdestyret tok orienteringa til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	15/19	16.09.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - SNO-ressurs på forvaltningsknutepunkt Sandane

Vedtak ST 15/19

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre inviterer Klima- og miljødepartementet til eit møte der vi tek opp desse problemstillingane.

Bakgrunn

Forvaltningsknutepunkt Sandane er eit lite forvaltningsknutepunkt som ikkje er tilknytt nasjonalparksenter eller likande. Det er eit naturoppsyn og ein forvaltar som er lokalisert på knutepunktet, som er tilknytt Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO.

Naturoppsynsstillinga på Sandane jobbar med veldig mange felt innan portefølja til SNO. I tillegg til 2 landskapsvernområde og knappe 30 mindre verneområde jobbar denne stillinga med rovvilt, anadrom fisk og motorferdsel. I tillegg jobbar denne stillinga mykje med tilrettelegging av stiar og problemstillingar knytt til ferdsel, i heile landet.

SNO-stillinga på Sandane vart oppretta i samband med at Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen vart verna i 2009. Desse to landskapsvernområda var, slik eg har oppfatta det, primæroppgåva til denne stillinga. I tillegg kom ein del mindre verneområde i Nordfjord og Sunnfjord, og dessutan dei generelle oppgåvene til SNO knytt til oppsyn og tilsyn.

Som forvaltar har eg dei siste åra har eg sett ei utvikling der SNO lokalt har hatt mindre tid og ressursar å bruke på Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen. Andre oppgåver har tatt stadig meir tid og ofte blitt prioritert føre landskapsvernområda og forvaltninga av dei. Særleg gjeld dette sporing etter rovdyr, lakseoppsyn på fjorden og stitilrettelegging andre stader i landet.

Dette har til dels gått ut over ein del oppgåver kor vi er avhengige av innsats frå SNO. Dette gjeld særleg deltaking på møter, oppfølging av tiltak, oppfølging av saker og generelt oppsyn i verneområdet.

Handsaming i møte

Som verneområdeforvaltar ynskjer eg at styret tek ein diskusjon på kva de forventar av SNO lokalt av oppgåveløysing og ressursbruk, og eventuelt sende eit signal om dette til statens naturoppsyn sentralt.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	16/19	16.09.2019

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Plan for hyttefelt ved Arnestadstøylen

Vedtak ST 16/17

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner framlegg til hytteplan frå Arnestad grunneigarlag, med plassering av åtte hytter som synt på kart.

Kvar enkelt søknad om oppføring av hytte må seinare handsamast for seg, basert på dei retningslinjene som står i forvaltningsplanen.

Innstilling frå forvaltar

Før vedtak kan fattast må styret vurdere om det er grunnlag for å gå vekk i frå den retningslinja i forvaltningsplanen som seier at hyttene skal vere minst 150 m frå støylen.

Verneområdeforvaltar legg derfor fram to framlegg til vedtak:

- a. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner framlegg til hytteplan frå Arnestad grunneigarlag, med plassering av åtte hytter som synt på kart.
- b. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre godkjenner plasseringa av hyttene 4 – 8 som synt på kart.
Hyttene 1-3 ligg nærmare Arnestadstøylen enn retningslinjene i forvaltningsplanen opnar for, og må derfor flyttast lenger vekk frå støylen.

Vurdering

Dokument i saka:

- Søknad om godkjenning av plan frå Arnestad Grunneigarlag
- Kart som syner plassering av hyttene
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO
- Brev frå Fylkesmannen 14.09.2001
- Notat frå synfaring 10.7.19

Bakgrunn

I 1981 vart det sett opp ein plan for fordeling og plassering av ti hyttetomter til dei gardsbruka som har bruksrett i støylsområdet. Sidan denne planen kom før verneprosessen so er dette omsynet teke med i kongeleg resolusjon og verneforskrifta. Før området vart verna har ei av hyttene blitt bygd, men ikkje dei resterande ni.

Dette hyttefeltet har vore eit tema i arbeidet med forvaltningsplanen. Det vart ikkje endeleg avklara i forvaltningsplanen kor hyttefeltet skal ligge, men det vart lagt inn ein del vilkår for plassering og utforming.

Søknaden

Arnestad Grunneigarlag har no sett opp eit framlegg til plan for plassering av hyttene. Planen inneheld plassering av åtte hytter. Hyttene er tenkt plassert frå om lag 100 m søraust for Arnestadstøylen og sørover. Hyttene er tenkt plassert meir eller mindre på linje eit stykke frå vatnet.

Grunneigarlaget har plassert hyttene med omsyn til terrenget i det aktuelle området, skredfare og tre allereie eksisterande hytter i/ved området.

Verneforskrift og forvaltningsplan

I verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal LVO er det som sagt teke høgde for desse hyttene. Dei står omtala i § 3 pkt. 1.3.f):

1.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*

[...]

f) *Oppføring av eit mindre tal hytter i eit avgrensa område sør for Arnestadstøylen. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*

Det er altso ein eigen heimel i verneforskrifta som gjeld desse hyttene, og opning for å gje løyve til ei hyttebygging som normalt ikkje vil vere opning for i landskapsvernområdet. Denne heimelen er likevel kortfatta og seier lite konkret om korleis hyttene skal plasserast og sjå ut. Derfor er dei nærmare omtala i forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal kap 4.6.3:

Retningslinjer for hyttefeltet:

- Hyttene skal plasserast sør for Arnestadstøylen, og minst 150 m frå sjølve støylen.
- Det skal leggest fram ein samla plan for plassering av hyttene som verneområdestyret skal godkjenne.
- Hyttene skal ha ein nøktern storleik, og ikkje vere større enn 45 m² (BYA)
- Det skal ikkje vere platting eller gjerde rundt hyttene. Hyttene kan ha ein liten platting ved inngangsdøra.
- Hyttene skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk:
 - o Hyttene skal vere rektangulære hytter utan vinkel
 - o Hyttene skal ha saltak utan arker og med korte utstikk
 - o Hyttene skal ha torvtak
 - o Hyttene skal ha vindauge med sprosser og eventuelle vassbrett av tre.
 - o Hyttene skal ha liggjande kledning

Vidare føringar for bygging av hyttene vil verte vurdert i kvar enkelt sak.

Legg merke til det andre strekpunktet med krav om ein samla plan for plassering som verneområdestyret skal godkjenne. Det er nettopp dette kravet og den planen som denne saka gjeld.

Vurdering

Det er viktig å legge merke til formuleringa i verneforskrifta; «*forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til...*». Det betyr at det er heimel til å gje løyve til å bygge hytter, men det er ikkje noko automatikk at einkvar søknad skal få løyve. Det må framleis gjerast ei grundig og skjønsmessig vurdering i kvar enkelt sak, og ein må legge same omsyn til grunn i sakshandsaminga som i andre byggesaker. God forvaltningsskikk tilseier likevel at opninga for å få løyve til å bygge hytte skal vere reell.

Dette er ei sak som har gått litt fram og tilbake gjennom lang tid. Sidan hytteplanen kom i 1981 so har ein hatt verneprosessen, ein har hatt omlegging av verneregime med etablering av verneområdestyre, og ein har hatt prosessen kring skrivning av forvaltningsplan. Det har og vore behov for å avklare nokre omsyn knytt til kulturminne. I tillegg kjem dei interne prosessane som grunneigarane har hatt i grunneigarlaget.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skreiv i 2001 eit brev om hyttefeltet, so lenge var dei gjeldande føringane. Her vart det lagt opp til at hyttene skulle plasserast meir samla enn det var lagt opp til i hytteplanen frå 1981. Grunneigarane var ikkje nøgde med desse føringane. Dei meinte at plasseringa var dårleg og at føringane for kvar enkelt hytte var for strenge. Dette vart derfor eit tema i prosessen med forvaltningsplanen, som førte til dei nye retningslinjene som er synt til over her.

Fylkesmannen ynskter som sagt å samle hyttene i eit mindre område enn hytteplanen. Grunneigarane og den nye lokale verneområdeforvatninga har derimot vore bekymra for at ei tett samling av hyttene vil skape ein «ny» støyl som vil kunne konkurrere med den opphavelige Arnestadstøylen med sitt miljø. Det er ikkje ynskjeleg. Forvaltninga er og bekymra for at eit tett hyttefelt vil verte meir dominerande i landskapet enn ei meir spreidd plassering kor ein nyttar terreng og vegetasjon meir for å skjule hyttene. Eit anna moment er at det området som Fylkesmannen har peika på er noko myrlendt og vått. Det skapar utfordringar for fundamentering og bygging, og kan føre til meir inngrep i terrenget enn kva som er naudsynt andre stader.

Tidlegare låg det inne ei registrering på Askeladden (database for kulturminne) i hytteområdet som Fylkesmannen peika på i brevet frå 2001. Etter ei synfaring der kulturavdelinga til fylkeskommunen ver med, fekk vi avklara at denne registreringen var plassert feil på kartet og ikkje er i konflikt med hytteområdet.

Grunneigarane ynskjer altso ei meir spreidd plassering enn Fylkesmannen la opp til. Planen dei no søker om er i grove trekk ganske lik planen frå 1981, men med hyttene meir konsentrert. Det er og lagt opp til berre ei «rekke» med hytter. Ei av årsakene til det er truleg omsynet til skredfare. Det er eit omsyn som ikkje har vore diskutert tidlegare, verken i 1981 eller i 2001. Det er særst forståeleg at grunneigarane vil unngå skredfare, og det er og ofte eit tema når kommunen skal godkjenne ein eventuell byggesøknad.

Det har tidlegare vore to dokument som har vore førande for plassering av hyttene. Først planen frå 1981, og so deretter brevet frå Fylkesmannen i 2001. 1981-planen legg opp til ei ganske spreidd plassering og 2001-brevet legg opp til ei konsentrert plassering lenger vekk frå støylen. Den nye planen frå grunneigarlaget er ein mellomting mellom 1981-planen og 2001-brevet, men den ligger nærmare 1981-planen.

I søknaden har grunneigarlaget lagt den første hytta om lag 100 m frå Arnestadstøylen. I retningslinjene i forvaltningsplanen står det at hyttene skal ligge minst 150 m frå støylen. Tre av hyttene vil ligge mellom 100 og 150 m frå støylen. Styret må derfor vurdere om det er tilrådeleg å sjå vekk i frå retningslinja i forvaltningsplanen på dette punktet. Forvaltaren har vore på synfaring i hytteområdet (sjå notat). Synfaringa syner at dei tre hyttene som i planen er plassert nærmare enn 150 m vil ligge ganske skjerma grunna terreng og skog. Truleg er det hytte nr 4 og 5, som ligg meir enn 150 m frå støylen, som vert mest synleg frå sjølve støylen.

Det andre momentet som styret må vurdere, er kor samla eller spreidd hyttene skal ligge. Dersom ein samlar hyttene slik som brevet frå 2001 legg opp til vil ein i praksis lage ein ny støyl. Grunneigarlaget ynskjer ikkje det, og verneområdeforvaltaren likar heller ikkje den løysinga. Ein kan då få eit bygningsmiljø som vert ein slags konkurrent til Arnestadstøylen. Det vil og vere ei veldig uvanleg løysing.

Spreidd plassering vil påverke eit større område, og det vil gje inntrykk av å vere eit glissent hyttefelt. No ligg det allereie nokre spreidde hytter rundt Arnestadstøylen allereie, so området er uansett ikkje heilt urørt. Dessutan, når det først er opna for desse hyttene i verneforskrifta, so må ein godta at landskapet vert påverka i meir eller mindre grad.

Sjølv etter at ein plan for plassering av hyttene er godkjent, so må kvar enkel hytte søkast om og få løyve. Forvaltningsstyresmakta kan då legge vilkår for kvar hytte for å unngå at dei vert for synlege i landskapet.

ST 17/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 16.09.2019

Vedtak ST 17/19

Bruk av jernhest til uttransport av felt hjort.

Verneområdestyret diskuterte eventuell bruk av jernhest i verneområdet, til bruk under hjortejakt til uttransport av felt hjort.

Styret signaliserte til forvaltar at dei ikkje ynskjer å skape ein presedens ved å opne for dette. Styret viser vidare til at det ved felling av mange dyr langt vekke, kan søkast om bruk av helikopter.

Ein eventuell søknad om bruk av jernhest må uansett handsamast på vanleg måte.